



Norstrand Eiendomsrådgivning AS
Storebotn 10
5309 KLEPPESTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10088 - 20/32832

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
03.06.2020

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg for 2 mannbustad - Gbnr 123/150 Rise

Tiltak: Etablering av avkjørsle for 2 mannbustad
Byggestad: Storhaugen 45 A og 45 B
Tiltakshavar: Vest Norsk Bygg AS
Ansvarleg søkar: Norstrand Eiendomsrådgivning AS

Saka gjeld søknad om løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg for 2 stk bustadeiningar på gbnr 123/150.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å etablere ei felles avkjørsle frå kommunal veg for 2 mannbustad på gbnr 123/150. Situasjonsskart viser ei avkjørsle med svingradius $r = 4$ meter og siktsoner på 3×20 meter. Stigningsforhold i avkjørsla er opplyst å være 1:40.

Vurdering/drøfting:

Fartsgrense i kommunal veg er regulert av ei 30-sone inn i bustadfellet. Kommunale veg er etablert som ei ettfeltsveg med to køyreretningar. På innsendt situasjonsskart er avkjørsle vist med svingradius $r = 4$ meter, samt siktsoner på 3×20 meter. Stigningsforhold i avkjørsla er oppgitt til å være 1:40. Dette er i tråd med regelverket.



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50
00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Langs kommunal veg er det etablert veglys. Eit av lysa kan komme i konflikt med avkjørsla sin plassering. Dersom veglys kjem i konflikt med avkjørsla sin plassering, må veglys flyttast. Veglys kan stå i avkjørsla sin siktzone, men bør være plassert slik at det tek minst mogleg sikt i avkjørsla.

Tomtane i feltet er små og avkjørslane ligg tett. Innsendt situasjonskart viser ei grei og oversiktlig avkjørslale som har god avstand til avkjørslene på nabotomtane.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje løyve til etablering av felles avkjørslale for tomannsbustad på gbnr 123/150.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til etablering av avkjørslale for einebustad på gbnr 123/93. Løyve vert gitt med heimel i Veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk.

Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den, i mest mogleg grad, stettar tekniske krav til avkjørslale som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørser frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav om geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørslale og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/ brukarane av avkjørsla.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn i frå og ut i kommunal veg.
- Det skal, under avkjørsla, leggast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn frå kommunal grøft får fritt løp inn og ut av røret.
- Kommunal grøft skal oppretthaldast langs heile eigedomsgrense mot kommunal veg. Grøft skal ha ei bredde på 1,0 meter og ha eit jamt fall frå kommuenvegen.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket kan være søknadpliktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Norstrand Eiendomsrådgivning
AS

Storebotn 10

5309

KLEPPESTØ